



Kunstgrasbanen er stengd for treningar og aktivitetar.

**Kunstgrasbanen, klatreparken og trimområde er inntil vidare stengd. Det er Christoffer Fossli, leiar i Uskedal Idettslag, som melder dette og bed oss gjera det kjend for alle brukarar og brukargrupper. Stenginga er gjort etter tilråding frå Norges Friidrettsforbund ( NFF ). Dei kommunale kunstgrasbanane og idrettsanlegga er alt stengde.**

Område vil vera stengd inntil ny melding kjem. NFF har bedd Helsedirektoratet om ei presisering når det gjeld bruken av idrettsanlegg. Inntil dette er avklart, går ein for stenging. Alle aktivitetar, som sorterer under breiddeidretten, er førebels innstillt ut april.



Stenginga gjeld kunstgrasbanen, klatreparken og trimområde.

Kristian Helgesen, idrettskonsulent i Kvinnherad kommune, er tydeleg på at ein skal retta seg etter råd frå Helsedirektoratet. Kommunen har rett nok ikkje motteke meldingar om uheldig og uvetig bruk ved at grupper samlast på banane.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto frå opninga av Gull av grus.